

Notat ruslemaking Kvernahaugen (Meling)

Bakgrunn for prosessen

I samband med nærmiljøprosjektet og program for folkehelsearbeid har samfunnsplanleggjar i Bømlo kommune utvikla ein metode for å kartleggja kvalitetar i nærmiljøet ved å bevege seg og nytte sansane, kalla for ruslemaking¹. Metoden har mellom anna blitt brukt i samband med trafikksikringsdagar og arbeid med kommuneplanens samfunns- og arealdel (KPS og KPA). I samband med dialogmøte om Kommuneplanens arealdel med byggjenæringa i Bømlo vart ruslemaking og anna aktiv medverknad for barn og unge, samt barnetråkk som alternativ skuleveg omtala.

Norgeshus har identifisert eit behov for mindre reguleringsendring av Kvernahaugen på Meling. I etterkant av dialogmøte om KPA tok Norgeshus kontakt med kommunen for å høyre om det var mogleg å samarbeida for å få innspel frå barn og unge i Meling på veg inn i prosessen.

Meling skule er del av program for folkehelsearbeid i Bømlo kommune. Elevrådet har gått på ABCD-kurs vinteren 2021-22, der rådgivar for folkehelse og frivilligheit har ei rolle som fasilitator. Når førespurnaden frå Norgeshus kom, valde ein derfor å spørja dei eldste elevrådsrepresentantane ved Meling skule om å delta.

Kort skildring av prosessen

Norgeshus møtte først planleggjar, samfunnsplanleggjar og rådgivar for folkehelse og frivilligheit for å diskutera prosess og innhald. 24. mai møtte dagleg leiar Ove Grønås og byggmeister Arild Ervik frå Norgeshus Bømlo, elevrådsrepresentantane frå sjette og sjuande trinn ved Meling skule, samfunnsplanleggjar Alf Helge Greaker og rådgivar for folkehelse og frivilligheit Lene Borgen Waage. Innleiingsvis presenterte Norgeshus skisser av feltet som er planlagt og me snakka litt om kva ein reguleringsplan er, før elevrådsrepresentantane vart invitert til å gi innspel om kva dei meiner er viktig i utviklinga av uteareal og nærmiljø. Til slutt tok alle turen til området for reguleringsplanen og elevane ga innspel basert på deira oppleving av området.

Innspel

- Trafikksikring:
 - o Viktig med låg fartsgrense: 50 km/t er for høgt
 - o Vil gjerne ha barn leiker-skilt
 - o Snarveg til busskur og i retning Svortland/skulen (på ruslemakinga gikk me først det som er den moglege snarvegen og så tilbake via Halleråkervegen. Då uttalte den eine deltakaren: «Oh no, no blir det lengre veg».
- Viktig at ting ikkje blir så lett øydelagt: «Når alt er rusta ned, ingen har passa på det, då vil me ikkje vera der»
- Lys er viktig, blir skummelt elles
 - o «For å feira eller ha adventssamling må det vera lys, for då er det jo mørkt ute»
 - o Kan gjerne ha tidsstyring for å spare straum
- «Kven får lov til å vera her? Er det for alle? Kanskje bør ein laga noko som er felles på skulen eller liknande» (samarbeid med krinslaget, speidaren eller liknande)
- «Få vekk nordavinden, då er mykje gjort»
- Må fylle i for at det blir tørt

¹ <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivilligheit/folkehelse/abcd-i-bomlo/>

- Leikeplass/møteplass og aktivitetar
 - o Karusell
 - o Leikeplassar frå ungane: Er små, treng ikkje ta så masse plass
 - o Trampoliner blir fort øydelagt – må grave dei ned, då varar dei lengre
 - o Treningsgreier er bra
 - o Akebakke er bra!
 - o Reiler («Viss ikkje blir eg litt lei meg»)
 - o Hengekøye
 - o Noko å klatra på
 - o Petanque («Då kan me leika saman»)
 - o Hundebane
 - o Ballvegg («må vera ganske solid»)
 - o Asfalt for å kunne dabbe
 - o Noko som er under tak
 - Det er viktig at sitteplassane er i ei bue, så ein sitt vendt mot kvarandre
 - Soneinndeling
 - Brettspel
- I etterkant har også elevrådsrepresentantar spelt inn at det hadde vore flott om det også vart laga ein snarveg/sykkelveg vidare mot Halleråker (etter samtale med foreldre)

1 Gjennomgang av plan og innspel til innhald på Meling skule (foto: Lene Borgen Waage)



2 Ruslemaking i planområdet med innspel frå elevrådsrepresentantane (Foto: Lene Borgen Waage)



Evaluering og erfaringar til seinare prosessar

Både elevrådsrepresentantane og representantane frå Norgeshus ga uttrykk for at ruslemakinga var nyttig og spennande. Elevrådsrepresentantane uttrykte at dette ga dei lyst til å flytta til området når dei blir vaksne og at det er kjekt å gi innspel til utforming av deira nærmiljø og moro om dei kan sjå att nokre av innspela når feltet står ferdig.

Tillating til deltaking frå elevane vart avklara gjennom skulen i forkant. Pga deltakinga i program for folkehelsearbeid kjente elevrådsrepresentantane ein av dei kommunale deltakarane frå tidlegare. Dette gjorde det mogleg at elevrådsrepresentantane deltok utan følgje frå skulen.

Evt. konkrete planar/prosessar der innspela kan/bør brukast

Plan	Type innspel
Detaljreguleringsplan med planidentifikasjon 201308	Alle innspela er relevante
Trafikksikringsplan	Innspel om fartsgrense i bustadfelt og merking av at barn leiker (Merknad: Dette er ikkje skilt etter skiltnorm per i dag)
Kommuneplanens arealdel med tilhøyrande retningslinjer	Innspel om verdfulle eigenskapar ved møteplassar Prosesserfaringar for å oppfylle krav om aktiv medverknad for barn og unge

Emneord

#Aktivmedverknad #møteplass #leikeplass #nærmiljøutvikling #ungibømlo

Kven sendast notatet til

Postmottak Bømlo kommune, Norgeshus, Meling krinslag, Meling skule

Bømlo, august 2022

Lene Borgen Waage